

Motbakkeløp til Ådnaklett for 30 år sidan.

17.11.2019



Motbakkeløpet for 30 år gjekk på den nylaga skogsvegen frå Myklebust til Ådnaklett.

På Grenda si framside for 30 år sidan kan vi lesa om motbakkeløp til Ådnaklett. Tormod Myklebust minnest løpet. Han var sjølv med i det Grenda kallar styrkeprøven med start på Uskedal skule og mål i enden av den nylaga skogsvegen frå Myklebust til Ådnaklett. Knut Olav Myklebust (9 år den gongen) var også med. Margun Eik (Uskedal IL) vann kvinneklassen.

Motbakkeløpet til Ådnaklett for 30 år sidan må vera eit av dei fyrste i sitt slag i Kvinnherad. Det vart berre med det eine året. Seinare kom det motbakkeløp i mange bygder. Uskedal fekk sitt løp frå Haugland til Solfell.

Det var heile 30 deltakarar med den gongen. Etter 1,5 km på vegen mot Kjærland tok ein av på skogsveg på Mykelbust, om lag 1 km opp den bratte lia mot Ådnaklett. Reidar Nerhus (Strand-Ulv) og Svein Nordal (BIL Sørøal) sprang på same tida, 15 min. 31 sek.



[Faksimile frå Grenda si framside for 30 år sidan.](#)

Det var Nils T. Fykse som var primus motor for dette arrangementet i regi av Uskedal Idrettslag.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Tormod Olav Myklebust